

Luster

Og prisen går til: – To damer som har ein kjemi som har vist seg å bli ein suksessformel



Marit Einarsrud og Gunn Kristin Alme på Joker Luster får mange godord for måten dei driv på. Foto: Merkur-programmet

Av [Wenche Schanke Eikum](#)

Oppdatert: 16.10.25 20:01
Publisert: 16.10.25 20:01

Del

Onsdag kveld kunne damene på Joker Luster jubla. Då fekk dei tildelt prisen for Årets butikk i Merkur-programmet i regionen.

For abonnentar

- Dette var totalt overraskande, seier Gunn Kristin Alme.
 - Me hadde ikkje tenkt å reisa, men fekk eit hint om at me burde vera der, seier Marit Einarsrud.
- Saman driv dei Joker Luster. Regionsamlinga i Merkur plar vera ein gong i året, og i år var det i Florø.
- Det er veldig nyttig og lærerikt å vera der. Det er føredragshaldarar som snakkar om ulike tema, og fleire butikkar deler av sine erfaringar, fortel Einarsrud.
- Onsdag kveld rett før middag samla alle seg til prisutdeling. Der venta ei overrasking på damene.
- Dei las opp ei grunngjeving, og etter kvart skjøna me at det var oss dei snakka om, seier Alme.

Fem kriterium

Totalt var det spelt inn fem kandidatar frå kjedene som vart vurderte etter følgjande kriterium: Butikken har god standard/butikk-kvalitet, har kreative og lønsame tilleggstenester og aktivitetar i butikken, er ein møteplass for bygdefolket, har positiv utvikling når det gjeld marknadsandelar og økonomi, har ein kjøpmann som er samfunnsentreprenør og til slutt at berekraft er eit gjennomgåande kriterium.

ANNONSE

- Prisvinnaren er ein butikk med lange tradisjonar, men noverande eigarar som også driv butikken i fellesskap har ikkje så lang fartstid saman. På relativt kort tid har dei skapt ein butikk med høg standard, med god inntening og med god omsetnadsvekst, forsterka av delvis sjøvbetjent butikk som opna på slutten av 2023, sa Steinar Fredheim, fagansvarleg på Distriktssenteret, då han delte ut prisen.



Årets Merkurbutikk i regionen var Joker, Luster. Dei jublende damene står her med f.v. merkurkonsulent Atle Stalheim, Rolf Bjarne Sund, kommunalsjef for samfunn i Kinn kommune, Marit Einarsrud, Gunn Kristin Alme og Steinar Fredheim, fagdirektør ved Distriktssenteret med ansvar for Merkur-programmet. Foto: Merkur-programmet

Byr på seg sjølve

Butikken er ein ting. Det som gjorde utslaget for at dei fekk prisen er damene sjølve.

– Den kulturen dei har bygd opp ved å by på seg sjølve med kreative påfunn, har gitt merksemd langt utover butikken og bygda. Dei har eit høgt servicenivå, og har alltid kundane i fokus, sa Fredheim.

I nominasjonen står det skildra slik: «Butikken har over mange år levert veldig god standard, og har ei stemning og ein kultur som er heilt førebiletleg. Kundane elsker å handla der, der kvar og ein kvar einaste dag blir møtt med smil, latter og velkomen. Med dette er dei ein flott møteplass for bygdefolket. Damene på Joker Luster engasjerer seg også veldig i bygda si utanom butikken, og er med på å stella til arrangement, og på å sponsa slike».

ANNONSE

Fredheim karakteriserte drivarane slik:

– Det er to damer som har mange likskapstrekk, men også er ganske ulike. To damer som har ein kjemi som har vist seg å bli ein suksessformel. To damer som jobbar godt saman, og er ei oppkome av kreative påfunn.

Skryt av bygda

Både Alme og Einarsrud er glade for at kulturen dei har skapt kring butikken vert sett pris på.

- Eg synest det er så utruleg fint at me kan bli målt på slike kriterium også, og ikkje berre økonomi og så vidare. At det blir sett pris på humor og stemninga i butikken, seier Einarsrud på telefon, i bilen på veg heim.

Det er tid for å takka:

- Dette hadde me ikkje klart, viss det ikkje var fordi at kundane våre set pris på oss og heiar på oss. Dei fine folka me har med oss på laget som jobbar hos oss. Så dette er ein pris som også går til dei tilsette og bygdefolket, seier Alme.

ANNONSE

- *Det blir mykje merksemd på dykk?*

- Ja, no skal me laga ein skrytevegg, seier Einarsrud og så ler dei begge godt.



LES OGSÅ

No går lustraskilt viralt: - «Jeg trodde det var en slags kode»

Luster Varehandel Pris Merkur-programmet



Sogn Avis

21 864 følgere

Følg side

Del

Kommentarer til denne saken

Eldste

Nyeste

Populære

[Debattregler](#)

Du skriver som: [Camilla Moen](#)

Kommenter

Fleire saker